



IMPLENIA AS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2075 - 14/9718

Saksbehandlar:

Harry Finseth

harry.finseth@meland.kommune.no

Dato:

18.06.2014

## REKLAMASJON VA-ANLEGG FLØKSAND/ VIKEBØ

Viser til mangelsbrev datert 08.01.2014.

Meland kommune kan framleis ikkje sjå at det er utført følgjande påpeikte manglar ved VA-anlegg Fløksand-Vikebø:

- Montering av kumanvisere, jf. Post 02.05.52
- Levering av sosi-filer for **leidning i Rylandsvatnet** jf. Post 02.05.19 der det står: «Alle ledninger, kummer, retningsendringer osv. koordinatfestes (x,y,z) og data overleveres byggherren på elektronisk format tilpasset GISLine (SOSI) ledningsnettes database.»
- Ved eigedom 43/25 (Arvid Ryland) er det ein lyktestolpe som framleis er festa provisorisk med tau etter anleggsarbeidet som må settast i stand
- Ved eigedom 43/97 (Kurt Klausen mob: 98286764) har kommunen fått melding om at eit jordingspyd er fjerna frå myra i samband med anleggsarbeidet, og må settast på plass.
- Meland kommune har tidlegare fått lovnader om å få bilete frå anlegget frå entreprenør. Desse kan me ikkje sjå er motteke.
- Det har kome klage på dårleg vekstjordlag på gnr 5 bnr 2 og 3. Den 15.05 var det synfaring med grunneigar og landbrukssjef, der dette har blitt bekrefta. Leveranse og transport av vekstjordlag er ein del av kontrakta jf. post 02.03.3. Jordbruksområder skal reetablerast med vekstjordlag. Det kan synast at det er nytta eit mindre eigna jordlag (myrjord) på delar av gnr 5 bnr 2 og 3. Dette er ikkje i samsvar med kontrakt. Her må det gjerast tiltak i samarbeid med grunneigar for å betre kvaliteten på jorda (t.d. kalking).

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Meland kommune ber om at Implenias AS innan 25.06.14 tar kontakt med Meland kommune for avklaring kring framdrift for gjennomføring av påpeikte manglar.

Med helsing

Harry Finseth  
rådgjevar kommunaltekniske anlegg

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**  
IMPLENIA AS